

Stem på UIL som KLUBBEN I DITT HJERTE!

11.11.2017



Fotball er ein av mange aktivitetar i UIL.

Uskedal idrettslag har eit breitt og godt aktivitetstilbod, særleg til born og unge. Mange legg ned ein formidabel dugnadsinnsats. No kan vi andre også yta støtte til dette gode og viktige arbeidet på ein enkel måte. Frå i dag og dei næraste 14 dagane kan vi sikra laget pengepremiar om vi er flinke å stemma på UIL som KLUBBEN I MITT HJERTE kvar dag.



Ski er også ein aktivitet som samlar mange!

Norges Idrettsforbund står bak tiltaket **KLUBBEN I MITT HJERTE** i samarbeid med Sparebank 1, Dagbladet og P4. Til saman skal det delast ut 500.000 kroner til laga som får nok stemmer.

Dersom UIL klarer å få 50 stemmer i løpet av én dag, er klubben med i trekninga av dagspremien på 10.000 kroner fra Sparebank 1. Totalt vert det delt ut 30 dagspremiar kvar på 10.000 kroner og to hovudpremiar på 50.000 kroner. 50 stemmer bør vi lett klara, og det er viktig at vi gjer det kvar dag. For å engasjera flest mogeleg, er det lurt å dela informasjonen om kampanjen på sosiale medium som t.d facebook.

Toppotøvarane Marit Bjørgen(ski) og Henrik Christiansen(symjing) er ambassadørar for **KLUBBEN I MITT HJERTE**.

Eigen SPLEIS-kampanje

Alle som stemmer, kan også oppretta ein SPLEIS og samtidig delta om ein ekstrapremie.

De kan lesa om reglementet og avgje stemme på www.klubbenimithjerte.no .

Spre ordet, gå inn og stem, og så satsar vi på at UIL er blant dei heldige!!

Tekst, arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland